

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 14.11.2018
Vår ref.: 2018/11262-38
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.:**TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND I HORDALAND 2018****Tilsegn om tilskot på inntil kr 4 125 675 til breibandutbygging i Meland kommune - Breiband155**

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 16.05.2018, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 4 125 675 til prosjektet frå budsjettet for «*Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland 2018*».

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilsegna gjeld til 31.12.2019. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

1. Prosjektgrunnlag**Bakgrunn**

Meland kommune er ein kommune i svært sterk vekst. Aukande innbyggjartal har ført til auka press på det eldre kobbernettet som er utbygd i store delar av kommunen. Kommunen har difor jamleg fått spørsmål frå innbyggjarar om ytterlegare utbygging av breibandstilbodet i kommunen. Innspel kommunen har fått tyder på at den teoretiske farta dekningskartet viser, i praksis ikkje stemmer med den farta den enkelte kunde får. Dette fører til utfordringar i kvardagen for mange, der f.eks heimekontor for arbeidstakarar og arbeid med lekser på nettet for skuleelevar, er ein utfordring. Stadig utbygging og tilflytting vil gjere situasjonen enda vanskelegare, ettersom kapasiteten på nettet vil bli ytterlegare pressa, samtidig som nye tenester som krever internett vil auke behovet for god nettilgang ytterlegare.

Prosjekt mål

I samband med høyringa fekk kommunen inn innspel på til saman 10 område. Etter innspela vart motteke vart det gjort eit politisk prioritering om å søkje om flest mogleg område, forutsatt at områda kvalifiserte for ordninga.

Følgjande områder er det prioritert å søkje om tilskot til:

- 1. Landsvik-Skjelanger*
- 2. Ådland*
- 3. Io*
- 4. Håtuft-Espetveit*
- 5. Fosse*
- 6. Eikeland*
- 7. Erstad-Meland-Bjørnestad*
- 8. Dalstø*

Aktivitetar

Den første hovudaktiviteten vert utarbeiding av anbudsgrunnlag. Meland kommune planlegg å gjere dette med eigne personalressursar. Meland kommune fekk tilsagn om tilskot til breibandsutbygging i 2014, og har no erfaring med anbudsprosessen. Etter tildeling av anbodet vil valgt breibandsleverandør gå i gang med nærare detaljprosjektering og sal til abonnentar før sjølve utbygginga startar.

Organisering

Prosjekteigar: Meland kommune
 Organisasjonsnr.: 951549770
 Prosjektleder: Berit Eskeland
 Epost: berit.eskeland@meland.kommune.no

Prosjektorganisering:

Frå kommunen si side er prosjektet leia av prosjektrådgjevar Berit M Eskeland. Frå kommunen vil også VA-ingeniør Harry Finseth bidra som prosjektmedarbeidar.

Samarbeidspartnarar:

Ikkje aktuelt for prosjektet

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

Løyvd beløp: 4 525 675

Søknadsbeløp: 5 734 430

Godkjend kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Innkjøpte tenester		20 797				20 797
Personalkost	100 000	150 000				250 000
Sum kostnad	100 000	20 947 430				21 047 430

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Kommunalt bidrag - graving grøft 2,9 km		1 015 000				1 015 000
Lokal offentlig personinnsats	100 000	150 000				250 000
Lokal privat egeninnsats - tilknytingsavgift		2 008 000				2 008 000
Lokale finansielle midler fra Meland kommune		2 000 000				2 000 000
Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland 2018		4 125 675				4 125 675
Utbyggers antatte andel		11 648 755				11 648 755
Sum finansiering	100 000	20 947 430				21 047 430

3. Vilkår for tilskotet**Generelle vilkår:**

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.

- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 21,5 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta.

Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.
Retningslinjer for profilering av Hordaland fylkeskommune; www.hordaland.no/profil

Årsrapportering (for fleirårige prosjekt)

- *Tilsegnsmottakar skal sende ein årsrapport til fylkeskommunen pr. 1. mars kvart år, så lenge prosjektet pågår.*

Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **21,5 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 4 525 675. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Tilsegnsmottakaren skal sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport. Dette må skje seinast innan 31.12.2019.
- Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000.
- I tillegg skal signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føreset.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Hans Inge Gloppen Epost: hans.inge.gloppen@hfk.no Telefon: 97 41 40 40

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre
Næringssjef

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND I HORDALAND 2018

Hordaland fylkeskommune ber om at de signerer og returnerer følgjande standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen. Signert akseptskjema av rådmann, eller den som har signatur for kommunen, kan sendast elektronisk til sakshandsamar.

Prosjektnamn: Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2018 - Meland kommune
Tilsegnsnr.: Breiband155 **Løyvd beløp:** 4 525 675
Vår ref. (arkiv): 2018/11262

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Meland kommune

Postadresse: Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Org.nr.: 951549770

Kontaktperson: Berit Eskeland

Telefon: 56171168 **Mobil:** 45445602

E-post: berit.eskeland@meland.kommune.no

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Hans Inge Gloppen E-post: hans.inge.gloppen@hfk.no Telefon: 97 41 40 40

Standardvilkår for TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND I HORDALAND 2018 for Hordaland

Meland kommune, «mottakar» i skjemaet, viser til mottatt tildelingsbrev frå Hordaland fylkeskommune av 30.10.2018 om tilskot til utbygging av breiband i kommunen. Meland kommune takkar ja til tilsegn om inntil kr 4 525 675,- og stadfestar ved avkryssing i kolonne «Stadfesta av mottakar» at kvart enkelt av krava i ordninga vil bli oppfylt.

Dei punkta som er markert med «ja» i tabellen under skal takast med i konkurransegrunnlaget og kontrakten for prosjektet.

	Stadfesta av «mottakar» (Set «X»)	Kravet vert teke med i kontrakten med utbyggjar
Alle prosjekta som er omfatta av tildelingsbrevet vil bli lyst ut innan 11.10.2019		Nei
Utbyggingsoppdraget vert tildelt gjennom ein open, ikkje-diskriminerande og transparent konkurranse utlyst på Doffin, i samsvar med anskaffingsregelverket. Dette vert sikra ved å bruka ein av følgjande prosedyrar: a) Ein open tilbodskonkurranse (kan alltid nyttast) Dersom utlysinga gjeld ein kontrakt over EØS terskelverdi som tilfredsstiller kriteria i §13-2 i		Nei

<p>anskaffingsforskrifta.</p> <p>b) Ein konkurranse med forhandling etter førehands kunngjering, eller konkurransebasert dialog med minst tre tilbydarar.</p> <p>c) Ein konkurranse med forhandling etter førehands kunngjering, eller konkurransebasert dialog med færre enn tre tilbydarar, men med ei tilleggsvurdering som kan stadfesta at ein har oppnådd marknadspris.</p>		
Anskaffingsprosessen vil ivareta prinsippet om teknologinøytralitet ved at det ikkje blir stilt krav om spesifikke typar teknologi, t.d. fiber		Nei
Dersom anskaffinga endar med investeringar i mobilt breiband, skal tilbodet til kundane i området det vert gjeve støtte til, få tilbod om mobilt breiband til om lag same vilkår som fast breiband.		Ja
Det vil bli gjeve «breiast mogleg grossisttilgang» til nettet.		Ja
- Slik tilgang skal gjevast i minst sju år, og retten til tilgang til rør eller stolpar skal ikkje vera tidsavgrensa.		Ja
- Slik tilgang skal gjevast på rimelege og ikkje-diskriminerande vilkår.		Ja
- Prisane for slik tilgang skal vera basert på prinsipp fastsett av Nkom, og på verdiar i samanliknbare område med konkurranse i Norge eller i EØS-området, med omsyn til støtte mottatt til prosjektet.		Ja
- Nkom skal konsulterast m.o.t. tilgangsvilkår, herunder prising, og ved tvist mellom tilgangssøkjjar og operatør av nettet.		Ja
- Vilkåra med standardavtaler for slik tilgang skal offentleggjerast på utbyggjar sine heimesider minimum 6 månader før teneste til sluttkunde vert aktivert i nettet, og offentleggjeringa skal sendast til Nkom og fylkeskommunen		Ja
- Dersom utbyggjar har bindingstid i sluttbrukarkontraktane, skal utbyggjar ikkje inngå kontrakt med sluttbrukarar før 4 veker etter at vilkåra for grossisttilgang er publisert.		Ja
Dersom det vert gjeve støtte til etablering av rør/kanalar, skal desse vera store nok til å romme fleire kabelnett og ulike nett-topologiar.		Ja

Operatøren av nettet skal gje andre operatørar moglegheit til å knyta seg til nettet til rimelege vilkår for å tilby breibandtenester i tilgrensa områder.		Ja
Det vil ikkje bli gjeve støtte til føretak som har uteståande betalingskrav frå EFTA sitt overvakingsorgan (ESA), der støtte er erklært ulovleg og uforeineleg med den indre marknaden.		Ja
Det vil ikkje bli gjeve støtte til føretak (konkurransedeltakarar) i vanskar.		Ja
Når utbygging er ferdigstilt skal utbyggjar – gjerne som ein del av sluttrapport – rapportere utbyggingskostnader for prosjektet til prosjekteigar delt opp i følgjande kostnadskategoriar: <ul style="list-style-type: none"> - Feltutbygging: Grøfter, kablar, montering i stolpar o.l. - Mobile basestasjonar/FWA-utstyr inkl. installasjon - Annan elektronikk (ruterar, svitsjar o.l.) - Etablering av kundetilknyping med utstyr - Øvrige kostnader 		Ja
All informasjon som er naudsynt for å dokumentere at krava som er nemnt over er oppfylt, vil bli oppbevart i 10 år og framlagt på førespurnad frå Nkom og fylkeskommunen.		Nei
Dersom vilkåra som er stadfesta i innstillinga frå fylkeskommunen, eller i dette akseptskjemaet, vert misleghaldt, eller utbetalt tilskot ikkje vert brukt i samsvar med desse vilkåra, vil tilsegn om tilskot bli betalt tilbake til Nkom. Fylkeskommunen er ansvarleg for å sikre eit slikt krav om tilbakebetaling.		Ja
Kommunen stadfestar med dette at eventuelle krav om tilbakebetaling vil sikrast før utbetaling av støttebeløp til tilskotsmottakar (prosjekteigar) eller støttemottakar (nett-utbyggjar)		Ja

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Organisasjonsnummer:..... Bankkonto for utbetaling:.....

Stad: Dato:

Signatur prosjekteigar:

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND I HORDALAND 2018 SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

Prosjektnamn: Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2018 - Meland kommune

Tilsegnsnr. Breiband155 **Tilskot inntil kr** 4 525 675

Vår ref.: 2018/11262

Fyllast ut av tilsegsmottakar:

Org.nr. _____ Konto.nr.bank/post _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett

(jf. pkt.2 i tilsegnsbrevet).

Kostnader:			Finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			Breiband 2018		

Godkjent av prosjektleiar: _____
dato

_____ signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg: _____
dato

_____ signatur og stempel

ATTESTASJON AV REVISOR. GJELD BERRE FOR TILSEGN OVER KR 100 000,-.

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen. Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsytar ei forvissing om at inntektene/ finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/ prosjektrekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, kan få rekneskapen attestert av autorisert rekneskapsfører.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor/ rekneskapsfører: _____
dato signatur og stempel

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen